



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Storingsrepresentantar for Møre og Romsdal fylke 07.02 2025

Vedkomande handsaminga av stortingsmeldinga om flaum og skred

I innstillinga frå Energi- og miljøkomiteen til stortingsmeldinga om flaum og skred har eit fleirtal fremma forslag til eit vedtak som omhandlar verna vassdrag:

Det opnast for konsesjonshandsaming av kraftverk over 1MW i verna vassdrag, der samfunnsnytta, t.d. i form av flaumdempande tiltak vurderast som betydeleg, samtidig som miljøkonsekvensane reknast som akseptable.

Forslaget ble fremma direkte i siste fase av komitéarbeidet og var aldri med i meldinga frå regjeringa. Det har ikkje vore på høyring, fagetatane har ikkje sagt sitt, og det er ikkje forsvarleg utgreidd.

Det er uklart kva dei sentrale omgrepa «betydelig samfunnsnytte, for eksempel i form av flomdempende tiltak» og «miljøkonsekvenser som kan ansees som akseptable» tyder. Konsekvensane av vedtaket er dermed ikkje klarlagt. Men vi vurderer at viss dette blir vedtatt vil forslaget i verste fall kunne avvikle vassdragsvernet, i beste fall svekke vassdragsvernet betydeleg.

Ein helt vesentleg del av norsk forvaltning og demokratisk praksis er at forslag skal utgreiast. Regjeringa har sin utgreiingsinstruks, og Stortinget har plikt til å sjå til at vedtak fattast på eit tilfredsstillande vedtaksgrunnlag. Ei av regjeringa sine oppgåver er å sørge for at dei vedtak som fattast av Stortinget er godt opplyst og ikkje har uana konsekvenser. Dette er heilt vesentleg for den norske styringsmodellen.

Vi er derfor overraska over at eit forslaget sitert ovanfor med sine openberre manglar no leggst fram til handsaming i Stortinget. Forslaget til vedtak er elles ikkje formulert som ei oppmoding, men som ein type instruks av regjeringa. Stortinget har tidlegare uttrykt at dette er ein uheldig praksis.

I Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om «Rapport fra utvalget til å utrede Stortingets kontrollfunksjon» (143 S (2021–2022) sa fleirtalet:

«Fleirtalet peikar på at omfattande bruk av oppmodingar om korleis regjeringa skal nytte forvaltningsmyndigheita si, kan føre med seg uklåre ansvars- og styringstilhøve. Stortinget bør vere varsamme med oppmodingsvedtak som gjev regjeringa instruks om korleis den lovbestemte forvaltningsmyndigheita skal verte utøvd.»

Vi ber om at Storingsrepresentantane som representerer Møre og Romsdal tverrpolitisk trekk si støtte til innstilling til vedtak. Det ut frå ei grunngjeving om at forslaget til vedtak representerer uheldig forvaltningsskikk, at ein ikkje vil støtte forslag med så potensielt store konsekvenser som er dårleg utgreidd og avgrensa, og der konsekvensane ikkje er kjende.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal er klar over at vårt syn på vern og bruk ikkje nødvendigvis samsvarar med synet til alle stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal. Vi oppfordrar derfor til ei vurdering av saka ut frå ein prinsipiell synsvinkel. Å sikre god forvaltningsskikk og forsvarleg sakshandsaming bør vere eit tverrpolitisk mål. I urolege tider er det særleg viktig å forsvare demokratiet ved å utøve det slik at tilliten mellom mynde og borgarar blir tatt i vare og styrkast.

Med vennleg helsing

Jannicke Totland Due

Leiar

Øystein Folden

Fylkessekretær